

Lindås kommune bruker medarbeidarundersøkinga 10-faktor som ein av fleire metodar for å oppnå utvikling og kontinuerlig forbetering av organisasjonen. 10-faktor er særskilt knytt til mål om utvikling og forbetering av medarbeidarskap. Vi vil gje ein presentasjon av vårt verktøy for etterarbeidet etter at medarbeidarundersøkinga 10-faktor er gjennomført. Verktøyet vi har utvikla er ein workshop som har fått namnet «Saman om arbeidsmiljø».

«Saman om arbeidsmiljø» er eit felles verktøy for utvikling og kontinuerlig forbetering av arbeidsmiljøet i alle avdelingar/einingar i kommunen.

### Bakgrunn

Lindås kommune ligg i Nordhordland, ca. 30 min kjøretid nord for Bergen. Kommunen har ca 15 000 innbyggjarar. Grunnmuren i organisasjonen Lindås er at vi skal levere og leve i tråd med vårt felles verdigrunnnlag. I Lindås kommune er vi: framtidsretta, kvalitetsbevisst, inkluderande og tenestevillig.

Eit overordna mål for organisasjonen er at vi som tilsette skal skape verdi for innbyggjarane i kommunen. For å få til dette har vi fokus på medarbeidarskap og kontinuerlig forbetering.

I 2016 vart det vedteke å ta i bruk 10-faktor som ny medarbeidarundersøking i organisasjonen. Kommunen har tidlegare nytta den førre medarbeidarundersøkinga i regi av KS. Parallelt med å planlegge ny medarbeidarundersøking, jobba ein med å implementere LEAN – kontinuerlig forbetering som driftsstrategi i organisasjonen. Positive synergiar frå desse prosessane resulterte i verktøyet «Saman om arbeidsmiljø». Verktøyet sikrar felles standard for etterarbeidet etter medarbeidarundersøkinga i alle avdelinga/einingar i kommunen.

Workshop «Saman om arbeidsmiljø» omhandlar analyse, bearbeiding og forankring av resultata etter medarbeidarundersøkinga. Resultatet frå workshop dannar grunnlag for levereglar for avdelinga/eininga sin arbeidskultur. Levereglane skal gjeve retning for forbettingsarbeidet kring arbeidsmiljø. Det skal utarbeidast konkrete tiltak knytt opp til levereglane, og levereglar/tiltak skal målast og evaluerast.

Workshop består av:

- ein dialogplakat
  - Dialogplakaten er ein visuell presentasjon av resultatet frå medarbeidarundersøkinga. Denne skal henge godt synleg for alle gruppene under workshop.
- eit gruppearbeid rundt ein bordduk
  - Bordduk inneholdt 7 trinn med oppgåver som baserer seg på Individuell Gruppe Plenum metodikk (IGP metodikk).
- ein leiarmanual som sikrar systematikk i arbeidet med levereglar, tiltak og evaluering av utvikling og forbettingsarbeidet kring arbeidsmiljø etter gjennomført workshop

### Dagens situasjon:

I dag har alle avdelingar gjennomført workshop «Saman om arbeidsmiljø». Avdelingsleiarane har tilrettelagt for så høg deltaking som mogleg under workshop for å sikre forankring for resultatet. Tilbakemeldingane frå avdelingane er at dei tilsette synest dette var ei ny og spennande arbeidsform som sikrar oppfølging av resultata frå 10-faktor.

Avdelingane jobbar no med å få på plass levereglar for arbeidsmiljø. Personalavdelinga i kommunen skal i løpet av sommar/tidleg haust gjennomføre ei spørjeundersøking blant leiarane i kommunen for å kartlegge kva for støtte avdelingane treng for å bli gode på å lage forbettingsforslag/tiltak til avdelinga sine levereglar.

Vi ser ikkje forbettingsarbeidet kring arbeidsmiljø som ein prosess med start og slutt. Vi er i kontinuerlig forbetring – og der skal vi vere for å sikre at vi skal bli best saman.

Kontaktpersoner:

**Evy Therese Innselset** | Prosjektleiar LEAN

E-post: [evy.therese.innselset@lindas.kommune.no](mailto:evy.therese.innselset@lindas.kommune.no)

Anita Bjørsvik Kvamme, e-post: [Anita.Bjorsvik@lindas.kommune.no](mailto:Anita.Bjorsvik@lindas.kommune.no)